



Program Tysnes INP

- Tysnes INP ynskjer ingen omkamp om E39 Ådland Sveгатjørn. Men Tysnes INP er opptatt av at den delen av vegen som kjem til å gå over Tysnes vert bygd med tanke på dei som i framtiden kjem til å bu nærme vegen
- Tysnes INP ynskjer 1-7 skule på Onarheim. Tysnes INP ynskjer ikkje 1-10 skule for resten av skuleborna i Tysnes. I framtiden bør det byggjes ny 1-4 skule.
- Tysnes INP ynskjer ein desentralisert barnehagestruktur. Ny Barnehage på Onarheim må byggast stor nok. I framtiden bør alle bygder der det er barnehage ha store nok barnehager slik at folk ikkje får alt for lang veg til Barnehagen.
- Tysnes INP støttar ein liberal strandsone politikk.
- Tysnes INP vil ikkje ha vindkraft i Tysnes kommune. Me vil heller ikkje godta ein konsekvensutredning rundt vindkraftutbygging ettersom me veit frå andre plasser at kommunen då vil bli redusert til ein høringsinstans og overkjørd av NVE.
- Tysnes INP legg vekt på at det er viktig med eit godt samarbeid mellom folkevalgte og administrasjonen i kommunen.
- Tysnes INP vil aktivt støtte næringslivet i kommunen
- Tysnes INP er opptatt av gode samferdsel løysningar og vil jobbe for betre løysningar. INP kjem ikkje til å støtte elektrifisering av samferdsel sektoren.
- Tysnes INP ser verdien av det frivillige arbeidet som blir lagt ned i kommunen og vil aktivt støtte dette.
- Tysnes INP meiner det er viktig med tilstrekkelig bemanning i kommunale institusjoner for å kunne gi innbyggerne eit bra tilbud. Då særleg innanfor oppvekst, omsorg og helse.
- Tysnes INP vil jobbe for gangvegar langs dei tyngste trafikerte vegane i kommunen, særskilt i nærleiken til skular.
- Tysnes INP ynskjer at Tysnes kommune skal vera ein kommune som yter gode tjenester til innbyggjarane. Tysnes må vera ein ja kommune.
- Tysnes INP setter psykisk helse høgt på agendaen. Vi vil sette søkelyset på et styrket tilbud, der ein ivaretar psykisk helse i alle aldersgrupper. Tysnes INP ynskjer derfor eit tydelegare og meir fastsatt tilbud i kommunen, der ungdomar, vaksne og eldre blir ivaretatt.
- Tysnes INP har en visjon om et godt og ivaretatt miljø for de eldre. Vi ønsker derfor ivareta allerede eksisterende tilbud til de eldre, og jobbe for at det skapes gode tilbud videre. Det skal være trygt å gå inn i pensjonisttilværelsen på Tysnes.
- Tysnes INP meiner det er essensielt med et stabilt og ivaretatt helsevesen i kommunen. Vi vil derfor ivareta og gi rom for tverrfagleg samarbeid, samt jobba målretta med tilbuda som gis. Instansane skal kjenna seg tilstrekkelege i helsetilbuda som gis, og tjenestemottakara skal kjenna seg sett og høyrte.